


Gamalosttinget 2018

Bø-laboen i tunet til Olav Arnar Bø

20. mai 2018 kl. 18.30



Årsmøtesaker

| | |
|---|---|
| Sak 1: Val av ordstyrar, referent og ein til å underskrive referatet. Godkjenning av møteinnkallinga..... | 2 |
| Sak 2: Årsmelding 2017/18 | 2 |
| Sak 3: Regneskap 2017 | 4 |
| Sak 4: Val av styre og valnemnd | 7 |
| Sak 5: Val av revisor..... | 7 |
| Sak 6: Justering av kontingent..... | 7 |
| Sak 7: Styrets forslag til budsjett for 2018 | 8 |



Sak 1: Val av ordstyrar, referent og ein til å underskrive referatet. Godkjenning av møteinnkallinga

Sak 2: Årsmelding 2017/18

Årsmelding for Norsk Gamalostlag 2017 - 2018

Heldige er me som har eigen, storveges, fleirdagars festival for Gamalosten vår. Folket treng cirkus og brød, og det får dei, med festivalfrukost, kulturtilskipingar, konsertar og andre glitrande festivalsamkomer, alt til æra for Gamalosten.

Førre Gamalostfestival i 2017 gjekk heilt etter planen, og planen var ikkje liten. Sjølve Festivalen er no fastare organisert, med eige styre, der Erling Stadheim er leiar, og Arne Inge Sæbø er skrivar. Gamalostlaget er representert ved leiaren, Jens. Målet med styret er å få ein meir føreseieleg festival, med informasjon til alle husstandar gjennom Sumaravisa. Vik Musikklag, Vik Songlag, Vik Idrettslag Vik Ungdomslag, Norsk Gamalostlag og Næringssamskipnad er med i styret.

Førre Fagseminar i 2017 var ved forfattar av "Fjordamat"-boki, Kari Støfringsdal. Ho fortalde om Gamalosten i norsk mattradisjon, og steikte hellekaker til alle deltakarane medan ho fortalde om mattradisjonen vår. Til slutt sa ho: "Gjev ungane og dei små etterkomarane dykkar eit matminne, som til dømes bestemor sine spesielle lappar, eller farfar sin rakfisk frå stølsvatnet vårt."

Vik Songlag v/ Inger Kari Langeteig var teknisk tilskipar. Det var over 60 deltakarar på skulekjøkkenet. Vellukka på alle vis.

Gamalostfestivalen sitt viktigaste knutepunkt er sjølvsgatt Ragnar Hove si Gamalostkoking i sørhukken ved meieriet. Dette er gull verd, både for festivalen og for Gamalostlaget. Her kan publikum sjå, lukta, og sansa Gamalosten sin "tilblivelse." (Måtte ty til eit bokmålsord for å rettferdiggjera heile ysteseremonien)

Tingsæta i 2017 var på Rambærstølen i selet til Åsa Tenold. Det var rett og slett stappfullt, med 37 personar. Til mat fekk me framifrå Åsa-rummagraut med alt godt som høyrde til. Olav Arnar Bø fortalde om stølslivet deira i Skjelingen, og Per Henning Liljedahl fortalde om spennande mystikk rundt Gamalosten.

Elles har me profilert Gamalost-smaksprøvar ymse stader:

1. Matstreif i Oslo
2. Gamalostfestivalen
3. Strandsitjardagane i Solvorn
4. Eva Skeie m fl smaksprøvar til innvandrarane
5. Fenaknoken i Oslo (i lag med Vikja)
6. Landhandleriet i Oslo (i lag med Vikja)
7. Fleire reisefylgje innom Ostebaren i Vik, m a Termotours



Sist haust var Vik IL tilskipar av NM i terrengløp med rundt 150 deltakarar. Øydis ynskte at nokon frå Gamalostlaget kunne profilera Gamalosten i matteltet. Det fekk me diverre ikkje til, men alle deltakarane fekk gåvepose med spekepylsa frå Vikja, honning frå Frank Høyum, eit morrohefte på sognadialekt frå Heimastølen forlag, bringebærsaft frå meieriet, og sjølvsgagt ein Gamalosthalvmåne. I posen var det også eit informasjonsskrift om varene, og om proteinane i Gamalosten som kosttilskot for idrettsfolk, der me synte til Henrik Holmberg og fleire av hans NM -medaljar.

Talet på skinnbrevmedl stig svært sakte, katastrofalt sakte. Ta tak i sidemannen, rist han i oksli, og meld han inn!

Heimesida vår tek seg pynteleg ut. Kan me gjera meir?

Innspel frå dei yngste om tidlegare Gamalostting, p g a tideleg leggetid.

Fylgjande personar er no i styret: Henning Rivedal, Eva Skeie, Ragnar Hove, Odd Rune Turvoll, Per Henning Liljedahl og Jens Brekke. Skrivarar er Bjørg Hønsi, Joanna Tenold og Øydis Kristine Flateby. Me er innmelde i Brønnøysundregisteret med org nr: 912 212 505. Autorisert rekneskapsfører er Vik Accountor (Kontorteneste). Art/bransje: "Norsk Gamalostlag skal verka for å fremja kunnskap, bruk og medvit om Gamalost. Laget skal freista å heva osten sin posisjon i samfunnet, og arbeida for å ta vare på kulturen og historia rundt osten."

Helsing og takk frå Jens Brekke, hovding i Norsk Gamalostlag, mai 2018

Sak 3: Regneskap 2017

Norsk Gamalostlag Resultatrekneskap desember 2017



| | Verkeleg hittil | Budsjett hittil | Verkeleg hittil i fjor |
|-------------------------------------|-----------------|-----------------|------------------------|
| 3600 GÅVER | 4 000 | 0 | 0 |
| 3900 MEDLEMSKONTINGENT/SKNNBREV | 12 300 | 0 | 7 800 |
| Andre inntekter | 16 300 | 0 | 7 800 |
| Sum driftsinntekter | 16 300 | 0 | 7 800 |
| 4305 KJØPLÆR TIL SKNNBREV | 0 | 0 | 3 750 |
| Varekostnader | 0 | 0 | 3 750 |
| Bruttofortjeneste | 16 300 | 0 | 4 050 |
| Dekningsgrad | 100,0% | 0,0% | 51,8% |
| 6500 GRAVERING | 2 618 | 0 | 1 313 |
| Verktøy, inventar | 2 618 | 0 | 1 313 |
| 6700 REKNESKAPSHONORAR | 4 976 | 0 | 6 654 |
| Fremmede tjenester | 4 976 | 0 | 6 654 |
| 6810 DATA/EDB-KOSTNAD | 3 220 | 0 | 4 147 |
| 6860 MØTEKOSTNADER | 4 053 | 0 | 5 100 |
| Kontorkostnader | 7 273 | 0 | 9 247 |
| 7140 REISEKOSTNADER, ikkje oppg.pl. | 0 | 0 | 5 506 |
| Reise, diett | 0 | 0 | 5 506 |
| 7321 REKLAMEKOSTNAD | 12 500 | 0 | 18 083 |
| Salg, reklame, repr. | 12 500 | 0 | 18 083 |
| 7770 BANK- OG KORTGEBYR | 37 | 0 | 42 |
| Andre kostnader | 37 | 0 | 42 |
| Sum driftskostnader | 27 403 | 0 | 40 845 |
| Driftsresultat | -11 103 | 0 | -36 795 |
| 8050 RENTENNTEKT | 27 | 0 | 38 |
| Finansinntekter | 27 | 0 | 38 |
| Netto finansposter | 27 | 0 | 38 |
| Resultat før skatt | -11 075 | 0 | -36 756 |
| Resultat etter skatt | -11 075 | 0 | -36 756 |

Norsk Gamalostlag

Balanse 31.12. 2017

| | Pr 01.01. | Hittil i år: | Endring | % |
|-------------------------------------|-----------|--------------|---------|--------|
| Eiendeler | | | | |
| Anleggsmidler | | | | |
| Varige driftsmidler | | | | |
| Finansielle anleggsmidler | | | | |
| Omløpsmidler | | | | |
| Fordringer | | | | |
| 1500 KUNDEFORDRINGAR | 5 000 | 0 | -5 000 | -100,0 |
| Kundefordringer | 5 000 | 0 | -5 000 | -100,0 |
| Sum fordringer | 5 000 | 0 | -5 000 | -100,0 |
| Investeringer | | | | |
| 1920 BANK 3800.15.66757 | 58 245 | 53 146 | -5 099 | -8,8 |
| Bankinnskudd, kontanter o.l. | 58 245 | 53 146 | -5 099 | -8,8 |
| Sum omløpsmidler | 63 245 | 53 146 | -10 099 | -16,0 |
| Sum eiendeler | 63 245 | 53 146 | -10 099 | -16,0 |

Norsk Gamalostlag

Balanse 31.12. 2017

| | Pr 01.01. | Hittil i år: | Endring | % |
|------------------------------------|-----------|--------------|---------|-------|
| Egenkapital og gjeld | | | | |
| Egenkapital | | | | |
| Innskutt egenkapital | | | | |
| Opptjent egenkapital | | | | |
| Udisponert resultat | 0 | -11 075 | -11 075 | 0,0 |
| 2050 EIGENKAPITAL | 57 432 | 57 432 | 0 | 0,0 |
| Annen egenkapital | 57 432 | 57 432 | 0 | 0,0 |
| Sum opptjent egenkapital | 57 432 | 46 357 | -11 075 | -19,3 |
| Sum egenkapital | 57 432 | 46 357 | -11 075 | -19,3 |
| Gjeld | | | | |
| Avsetning for forpliktelser | | | | |
| Annen langsiktig gjeld | | | | |
| Kortsiktig gjeld | | | | |
| 2400 LEVERANDØRGJELD | 1 313 | 2 289 | 976 | 74,4 |
| Leverandørgjeld | 1 313 | 2 289 | 976 | 74,4 |
| 2960 PÅLØPEN KOSTNAD | 4 500 | 4 500 | 0 | 0,0 |
| Annen kortsiktig gjeld | 4 500 | 4 500 | 0 | 0,0 |
| Sum kortsiktig gjeld | 5 813 | 6 789 | 976 | 16,8 |
| Sum gjeld | 5 813 | 6 789 | 976 | 16,8 |
| Sum egenkapital og gjeld | 63 245 | 53 146 | -10 099 | -16,0 |



Revisjonsmelding

Eg har kontrollert Norsk Gamalostlag sin rekneskap for 2017, som syner eit underskot på kr 11.075 og ein eigenkapital pr. 31.12.2017 på kr 46.357.

Norsk Gamalostlag er ikkje pålagt revisjonsplikt etter norsk lov, men har sjølv vedtektsfesta val av revisor. Norsk Gamalostlag har ikkje definert korleis laget sin rekneskap skal førast eller korleis revisjonen skal utførast, og revisor står difor fritt i korleis revisjonen vert utført.

Fylgjande kontrollhandlingar er utført

- Egedeler og gjeldspostar i balanse er kontrollerte mot dokumentasjon av balansen
- Inntekter og kostnader er kontrollerte mot vedlegg til rekneskapen

Konklusjon

Eg har ikkje funne vesentlege feil i rekneskapen for 2017.

Vik i Sogn, den 09.05.2018

Jo Risløv
-revisor-

Sak 4: Val av styre og valnemnd

Utdrag frå vedtektene:

- Norsk Gamalostlag leiast av eit styre på 4-6 medlemmar.
- Styret konstituerer seg sjølv, dvs vel hovding.
- Hovding vert valt for 5 år.
- Maksimum lengde på samanhengande deltaking i styret er 10 år.

Valnemnda sitt forslag til styre:

| # | Namn | Vald | År | Forslag frå valmenda | På val |
|---|-----------------------|------|----|-------------------------------|--------------|
| 1 | Henning Leiv Rivedal | 2013 | 5 | Styrem. Henning Leiv Rivedal | Styrem. |
| 2 | Eva Vatle Skeie | 2013 | 5 | Styrem. Eva Vatle Skeie | Varam. |
| 3 | Odd Rune Turvoll | 2013 | 5 | Styrem. Odd Rune Turvoll | Styrem. |
| 4 | Per Henning Liljedahl | 2013 | 5 | Styrem. Per Henning Liljedahl | Styrem. |
| 5 | Jens Arnvid Brekke | 2013 | 5 | Styrem. Jens Arnvid Brekke | Styrem. |
| 6 | Ragnar Hove | 2013 | 5 | Styrem. Ragnar Hove | Varam. |
| 7 | | | | Maria Bøthun | Styrem. 2020 |
| 8 | | | | Turid Haga Vange | Styrem. 2020 |

Forslag: Årsmøtet gir styret fullmakt til å velje ut 6 av dei 7 til å være faste medlemmar av styret.

Valnemnd:

| Namn | Vald | År | Forslag frå valmenda | På val |
|-----------------|------|----|----------------------|--------|
| Ragnar Hove | 2013 | 5 | | |
| Eva Vatle Skeie | 2013 | 5 | | |

Forslag: Årsmøtet gir styret fullmakt til å velje ut 2 styremedlemmar til å være medlemmar av valnemnda.

Sak 5: Val av revisor

Forslag: Jo Risløv blir vald som revisor

Sak 6: Justering av kontingent

Forslag: Kontingentane blir uendra. Kr 300 for einkletmedlemmar og kr 5.000 for verksemder.

Sak 7: Styrets forslag til budsjett for 2018

| Budsjett Gamalostlaget 2018 | | |
|------------------------------------|--------|---------------|
| | pr stk | |
| Medlemskontingent enkeltpersonar | tal | 15 |
| Medlemskontingent enkeltpersonar | 300 | 4 500 |
| Medlemskontingent verksemdar | tal | 1 |
| Medlemskontingent verksemdar | 5000 | 5 000 |
| Sal av rekvisita | | 5 000 |
| Tilskot | | 50 000 |
| SUM INNTEKTER | | 64 500 |
| <i>Variable kostnader</i> | | |
| Medlemsbrev | 200 | 3 000 |
| Rekvisita | | 2 000 |
| Nettside | | 2 000 |
| Messer / matfestivalar | | 6 000 |
| Lønn | | 25 000 |
| Andre variable kostnader | | 5 000 |
| SUM VARIABLE KOSTNADAR | | 43 000 |
| <i>Faste kostnader</i> | | |
| Marknadsføring | | 15 000 |
| Reknskapsføring | | 5 000 |
| Andre faste kostnader | | 3 000 |
| SUM FASTE KOSTNADAR | | 23 000 |
| DRIFTSRESULTAT | | -1 500 |